



Postpakken frå staten Orgeon i USA er trygt framme i Uskedalen. Motivet er Uskedal kyrkje, måla av M.L. Flatebø etter eit postkort.

Uskedal sokneråd har motteke i gåve eit måleri av kyrkja. Motivet er måla av M.L. Flatebø, kona til Torleif Flatebø. Dei bur i Ophir i staten Oregon nord på Vestkysten av USA. Måleriet kom i postpakke og vart sendt til Trygve Haugland. Trygve har vore kotaktpersonen mellom Flatebø og soknerådet. Trygve og Torleif gjekk saman for presten og dei har halde kontakten i alle år etter dette.

Bilete er eit oljemåleri av Uskedal kyrkje, måla etter eit postkort, truleg frå 1980 talet. M.L Flatebø har lenge tenkt at måleriet burde heim til Uskedalen og plasserast i kyrkja. Soknrådet er takksame for gåva og vil sjå til at motivet finn sin plass i dåpssakrestiet.

Torleif Flatebø er ein av to søner til Mathilde og Gunnar Flatebø. Flatebø var disponent på hermetikfabrikken Hardanger. Torleif tok utdanning som ingeniør på Christiana Tekniske skole kring 1950. Familien har i mange år budd i USA. Torleif har nytta høve og vore heime i Uskedalen ved fleire konfirmantjubileum.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal